

«Jordmassar frå problem til ressurs - Ta vare på matjorda»

Korleis nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø?


Hovudprosjekt
2015 - 2016

Kvifor ta vare på jordmassane og utvikle landbruksareala?

«Ta vare på matjorda»

- * Jord er ei avgrensa og i prinsippet ei ikkje fornybar ressurs – jorda er verdifull!
- * Kulturlandskap og matproduksjon er viktig, både for miljøet, oss og vår identitet
- * Det er eit stort ønskje om å ha eit aktivt landbruk og utvikle gardane som er i drift
- * Brukande torv- og jordmassar kan nyttast lokalt til jordforbetring dersom ein planlegg i tide
- * Nordhordland er under utvikling til å bli eit UNESCO biosfæreområde
- * Den europeiske landskapskonvensjonen har som eit viktig mål å styrkja lokalsamfunna sin medverknad i planlegging, vern og forvaltning av landskap





KJEKT: Det var kjekt og lærerikt å vera med i konkurransen Avlingskampen, seier Helge Henanger. Sjølv om det gjekk litt ekstra tid, angrar han ikkje på at han vart med.

Helge på avlingstoppen

MELAND: I ei kåring blant seks bønder rundt i landet kom Helge Henanger på øvre Sagstad på andreplass når det gjeld grasavling i fjor.

Publisert: 31.jan 2015 12:12 Oppdatert: 31.01 2015 14:45

AV: Livar Aksnes

- Det har vore veldig interessant og lærerikt å vera med på dette, seier Helge Henanger til Strilen etter at han deltok i konkurransen Avlingskampen i fjor. Bonden på øvre Sagstad i Meland vart plukka ut til å vera ein av seks bønder rundt i landet som skulle konkurrere i grasavling. Han var ein av to bønder på Vestlandet. Dei andre fire kom frå Austlandet og Trøndelag. Henanger fekk 962 foreiningar pr. dekar, medan vinnaren fekk 987. Foreining seier noko om energitthaldet i føret.

Det er kunstgjødselprodusenten Yara, Bioforsk, Norsk Landbruksrådgiving (forsøkingane) og tidsskriftet Norsk Landbruk som står bak.

Langeland

Henanger, som driv leigselått mange stader i tillegg til garden han eig på øvre Sagstad, fortel at dot arealet som vart pukka ut til å vera med i konkurransen, ligg på Langeland.

- Dette er tilført jord som kjem frå byggeplassane på Mjåtveit, så det er mykje myrjord som ikkje tidlegare har vore dyrka. Eg er forundra over at ho gav så pass god avling etter så kort tid, seier Henanger.

Kvar bonde skulle delta i konkurransen med ti dekar, og det skulle vera andreårs eng. Det vil seia at arealet var tilsådd for to år sidan.

Ikkje juksa

Reglane for konkurransen sa at bøndene ikkje skulle gjera ting på ein annan måte enn det dei elles ville gjort.

- Det vart svært tørt før andreslåttan i fjor, og hadde eg vatna, kunne eg fått slerre avling, men sidan eg vanlegvis ikkje vatnar, gjorde eg det ikkje, forklarar Henanger.

Men ulikt det han vanlegvis gjer, slo han tredjeslått sidan dei andre slåttane var så tidlege.

Analysar

Det var rådgjevar Lise Austrheim i Norsk Landbruksrådgiving som plukka ut Henanger til å vera med i konkurransen, mellom anna fordi han er ein svært aktiv bonde som driv godt.

Henanger fortel at før vekstsesongen i fjor, sette han og Austrheim seg ned og laga plan for kalking og gjødsling av arealet. I og med at han var med i konkurransen, fekk han

analysert jordprøver gratis, og det vart også teke mange prøver av grasel i løpet av sesongen, mellom anna for å fastslå rett slåttedispunkt. Slik fekk han mykje ny kunnskap.

- Og det var det som gjorde det så interessant å vera med, seier han.

Dobbel avling

Som avslutning på konkurransen fekk alle dei seks deltakarane ei helg i Porsgrunn no i januar. Der fekk dei omvising på gjødselabrikken til Yara. Der vart og resultatane frå konkurransen oppsummert og vinnaren kåra.

- Vinnaren og eg på andreplass låg eit godt stykke framfor dei andre deltakarane i avling, fortel Henanger.

Og det var ikkje berre mengde avling som talde i konkurransen, men kvaliteten på føret og.

Henanger ligg elles meir enn dobbelt så høgt i avling som gjennomsnittet i Hordaland, som ligg under 400 foreiningar pr. dekar.

«Ta vare på matjorda»

«- Dette er tilført jord som kjem frå byggeplassane på Mjåtveit, så det er mykje myrjord som ikkje tidlegare har vore dyrka. Eg er forundra over at ho gav så pass god avling etter så kort tid, seier Henanger.» (Kjelde: Strilen.no)



Langeland. Kjelde: Strilen.no

REGION
NORDHORDLAND

Legg til en kommentar ...


Kommenter

Jordmassar frå problem til ressurs

«Ta vare på matjorda»

- * Samarbeid mellom kommunane Lindås, Austrheim og Meland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS
- * Støtte frå fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, og ein del av klimaplan for Hordaland

Prosjekteigar	Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Regionrådet i Nordhordland)
Styringsgruppe:	Rådmannsutvalet i Nordhordland
Prosjektleiar:	Tonje Husum Aarland (Nordhordland Utviklingsselskap IKS)
Referansegruppe:	Astrid Holte (FM), Egil Hauge (FM), Hans-Christian Engum (HFK), Trygve Torsteinsen (Landbruksrådgivinga), Thomas Lindås (Austrheim kommune), Magnar Askeland (bonde), Vidar Raugstad (regional entreprenør), Arnold Matre (Lindås kommune)
Arbeidsgruppe:	Asbjørn Toft (Austrheim kommune), Kjartan Nyhammer (Lindås kommune), Laila Bjørge og Marius Flemmen Knudsen (Meland kommune)




- * Prosjektet sitt overordna mål:

Nytta massar frå utbygging som ressurs til nytte for matproduksjon/ landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konflikhtar med innbyggjarane og miljøet

- * To strategiar:


- På bakgrunn av eksisterande kunnskap og utfordringar framover; utarbeide ein **retteiar** for massehandtering i regionen knytt til offentleg rettsleg handsaming

- Kompetanseoppbygging gjennom **kurs** for grunneigarar og entreprenørarar og **seminar** for forvaltninga



- * Arbeidsgruppa i gong med hovudprosjektet mai 2015
- * Møte med referansegruppa august 2015
- * **Miniseminar for målgruppa i kommunane i regionen november 2015**
- * Rettleiar: ferdig 1. mars 2016
- * Kurs: gjennomføring vinter 2016
- * Seminar for forvaltninga i april/mai 2016

(vedtak frå rådmannsutvalet 17.09.15)



Jordtipp på Mjåtveit i Meland kommune

«Ta vare på matjorda»



Jordtipp på Langeland i Meland kommune

«Ta vare på matjorda»



Å bygge opp kompetanse og forståing i alle ledd

- entreprenører, reguleringsmynde, miljømynde, transportørar, mottakarar (bønder), lokale og regionale styresmakter og konsultentselskap

Industrien treng byggjeland –
bøndene og landet vårt treng meir dyrkbar jord